

Prosjekt Innfartsparkering i Bergen og omegn.

Status rapport for MISA 15.05.2019.



Utarbeidd av Arve Aasland / Prosjektlear Samferdselsavdelinga

Innleiing:

«Strategi for Innfartsparkering fram mot 2030» blei vedteke i fylkestinget 11 mars 2015. 3. mai 2018 handsama fylkesutvalet *Handlingsplan for innfartsparkering 2018 – 2029*, og gjorde slikt vedtak:

1. Fylkesutvalet vedtek Handlingsplan for innfartsparkering 2018-2029 og meiner at planen gir eit godt grunnlag for vidare utvikling av innfartsparkeringstilbodet.
2. Fylkesutvalet meiner det er viktig at staten ved Jernbanedirektoratet/Bane NOR og Statens vegvesen også bidrar til ein offensiv utvikling av innfartsparkeringstilbodet på sine ansvarsområder.
3. Fylkesutvalet legg til grunn at handlingsplanen for innfartsparkering vert følgt opp i arbeidet med rullering av investeringsprogrammet for fylkesvegnettet og handlingsprogrammet for Miljøløftet.
4. Innfartsparkering skal liggje ved kollektivakse med god frekvens langs stamlinene, med ei god tilpassing til Skyss sin rutestruktur. Det er stort press på sentersonene i Bergen, og parkeringsplassar i sentersonene er ofte dyre parkeringsplassar. I første omgang vil ein prioritere innfartsparkeringsplassar i Arna. Innfartsparkering i Åsane må styrkast, men ein bør unngå innfartsparkeringsplassar i sentersona i Åsane, og andre sentersoner i Bergen.

Føremålet med dette notatet er å gi ei rapportering på status i arbeidet med å følgje opp handlingsplanen for innfartsparkering.


Oppfølginga av handlingsplanen har hatt fokus på følgjande:

- Auke aktiviteten mot etablering av innfartsparkeringar i omlandskommunane
- Setje i verk reguleringsordningar på allereie etablerte innfartsparkeringar innanfor Bergen kommune
- Legge til rette for sikre sykkelparkeringar ved kollektivknutepunkt
- Stimulere omlandskommunane til Bergen til auka gange og sykkelbruk fram mot kollektivknutepunkt



3. STATUS OG UTVIKLING I TALET PÅ Plassar for innfartsparkering

3.1 STATUS OG UTVIKLING I TALET PÅ INNFAKTERINGSPLASSAR FOR BIL



Med utgangspunkt i handlingsplan for innfartsparkering har det særleg vore arbeid med fire fokusområde:

Det spesielt 4 prioriterte område som må trekkast fram:

- **Åsane:** Styrking av innfartsparkeringskapasiteten i Åsane er ein del bybænearbeidet, og det arbeidast med fleire mellombelse løysingar.
- **Arna:** Jernbanedirektoratet / Bane NOR har ansvaret for innfartsparkeringa i Arna. Bergen kommune har under arbeid ein områdeplan for Indre Arna som inkluderer det same arealet.
- **Marknadsføring av sikker sykkelparkering:** Teiljingane viser at husa vert lite brukt. Det er derfor behov for meir aktiv og systematisk marknadsføring som viser kva tilbod som er tilgjengeleg.
- **Betalingsløysingar for deler av Birkelandsskiftet og Storavatnet:** I lys av mykje ledig kapasitet er det starta opp eit arbeid med å opne opp deler av parkeringsplassane ved Birkelandsskiftet og Storavatnet.

I tillegg har aktiviteten retta seg mot:



- Identifisering av nye moglege parkeringsområder

- Identifisere eksisterande parkeringsområde som nyttast som innfartsparkering
- Opprusting av nye og eksisterande område
- Skilting og merking etter gjeldande forskrifter
- Kartlegging av belegg på innfartsparkeringsplassar for bil og sykkel
- Arbeid for at Parkeringsforskrifta vert tilpassa bruken av innfartsparkering
- Skilting frå hovudveg inn til innfartsparkeringsområda
- Kartlegging av framtidige elektroniske kontroll løysingar for innfartsparkering, og forholdet til Skyss sine betalingsløysingar
- Etablering av sikker sykkelparkering nær kollektivknutepunkt

Statistikk:

Bil:

Det har vore vekst i talet på innfartsparkeringsplassar for bil. Belegget har også auka, jf. Figur 1. Det er per april 2019 4109 tilgjengelege plassar for innfartsparkering i Bergen og omland. Talet på plassar har samstundes vore utfordrande å oppretthalde ettersom parkeringsområde med godt belegg vert teke i bruk til andre formål enn parkering. Dette gjeld til dømes Oasen (Bybanen BT4), Lagunen ved Steinsvikvegen (ny rampe frå Rv 580 til Sørås) og sist Sætervegen. Sætervegen vil Statens vegvesen nytte til riggområde for utbygging av ny sykkelveg i området.




Figur 1: Tal på plassar og belegg for innfartsparkering for bil i Bergensområdet

Ideelt bør belegget vere 85-90%, og på ein del parkeringsområder er vi på dette nivået og prosentvis høgare. Det ein ser av tabellen er at trenden går mot betre belegg.

Sykkel:

Parkering for sykkel er delt i sikker sykkelparkering (p-hus/ innelåst) og open parkering (bøylar). Det er gjennomført ein marknadsføringskampanje for sykkelparkering på skjermene på bane, buss og båt i 2018, men likevel har bruken av sykkelparkeringsplassane vore særst låg, jf. Figur 2.



Figur 2: Tal på plassar og belegg for innfartsparkering for sykkel i Bergensområdet

Parkeringsstatistikken for sykkel baserer seg på 45 parkeringsområder med til saman 1360 plasser hvorav 656 er i sykkel parkeringshus. Område sør peiker seg ut med flest plasser for sykkelparkering. Samstundes er det frå sør det er best lagt til rette for sykkelveger til Bergen sentrum.

Det kan vere forskjellige grunnar til at utviklinga ikkje er meir positiv i forholdet talet på parkeringsplasser / belegg. Mellom anna reisevaner, årstid / ver og marknadsføring. Det vil bli gjennomført fleire kampanjar og tiltak for å få auka bruk av desse plassane.

Status for dei ulike områda:

Vi har delt opp innfartsparkeringane til Bergen inn i områder basert på Sør / Aust / Vest / Nord. Områda inneheld fleire kommunar.

Område Sør:

Det har vore ein del aktivitet i omlandskommunane til Bergen i sør og i Bergen sør:

Tysnes kommune:

Det er sett av midlar til utbygging av innfartsparkering på Våge kai. Tysnes kommune og private interesser står for utbygging og drift. 25 plassar er avsett til innfartsparkering for kollektivreisande. HFK har gitt eit økonomisk bidrag til utvikling av desse plassane

Os kommune:

Det er gjort eit omfattande undersøkingsarbeid for å finne egna plasser for innfartsparkering i Os kommune. Dei beste areala ligg på LNF-eigedomar som er utfordrande å regulere, samt i område som er vanskelig å bygge ut grunna myr og fare for overvann. Det har vore dialog med SVV og Os kommune om etablering av innfartsparkering i samband med utbygging av nye E39.

Det er sett i gang eit prosjekt (Myrvollen) i regi av Os kommune i krysset Byvegen / Idrettsvegen. Arealet vil gje ca. 30 ekstra innfartsparkingsplassar. Saman med Os kommune arbeidast det med etablering av sykkelparkingsplasser nær kollektivterminal.

Austevoll kommune:

Innfartsparkeringsplassen på Hufthamar ferjekai har lenge vore utan regulering av bruken. Dette har gjort det vanskeleg å få oversikt over kva som er det reelle behovet for innfartsparkering. Det vert difor arbeidd med kartlegging og mogleg regulering av bruken (p-kontroll) for å få oversikt over grad av framandparkering (til dømes langtidsparkering). Som ein del av arbeidet vil også utviding av parkeringsplassen bli vurdert.

Bergen kommune Sør:

Alle innfartsparkeringar i Bergen sør er regulert med Skyss-oblat. Innfartsparkeringa ved Birkelandsskiftet terminal har i tillegg fått betalingsautomat for kollektivreisande i eit forsøk på å få utnytta kapasiteten ved anlegget. Dagspris for automatparkering er sett til NOK 30,-. Resten av anlegga for innfartsparkering i Bergen Sør er jamt over fulle. Anleggsverksemd i Bergen Sør set innfartsparkeringane på Steinsviksvegen (Lagunen terminal) og Skjold/Sætervegen i fare for å bli nedlagt permanent eller over ei lengre periode. Løysing og alternativ er krevjande og fordrar mykje arbeid.

Det er etablert eit nytt sykkelparkingshus ved Nesttun terminal, men bruken er låg.

Område Aust:

Sentralt i område aust ligg innfartsparkeringar opp mot kollektivtransport med jernbane. Arbeidet er difor prega av jernbanen si noverande utbygging og framtidige planar.

Bergen kommune Aust:

Arna stasjon har vore prega av dobbelt-spor utbygging. Innfartsparkeringa har fått redusert kapasitet. BaneNOR som driftsoperatør har funnet det naudsynt å regulere innfartsparkeringa både med reiseabonnement og betaling ved enkeltreiser. Innfartsparkeringane er framleis full sjølv etter innføring av betalingsordning. Det er god dekning på sykkelparkeringar i hus både ved Arna stasjon og Jernbanestasjonen i Bergen.

Det har vore fleire møter mellom Bergen kommune / BaneNOR / Hordaland fylkeskommune for mellom anna å få eit framtidig parkeringshus inn i reguleringsplanane for Indre Arna sentrum. Oppgåva er prioritert. Områder langs innfartsvegane til Bergen nord og sør har og vore undersøkt.

Osterøy kommune:

På Osterøy er det parkeringsplassar i kommunal regi ved Valestrandfossen kai, Lonevåg, Osterøytunet og Kvisti. Desse er innlemma som ein del av statistikken over innfartsparkingsplassar i Bergensområdet. Skilting og eventuell regulering av plassane for kollektivreisande er under arbeid.

Ved innfartsparkeringa i regi av Hordaland fylkeskommune ved toppen av Vesetgjelet (krysset Gjerstadvegen / Osterøyvegen) er det utført opprusting etter Parkeringsforskrifta. Plassen var tidlegare prega av hensetting av bilvrak og søppel. Skilting av plassen er under arbeid.

Samnanger kommune:

Fleire område langs Fv 7 har vore undersøkt som mogleg for innfartsparkering. I samarbeid med kommunen er førebels eit område på Bjørkheim ved Fv 7 peikt ut. Området er blitt planert med overskotsmassar frå tunnelopprusting. Det er forventa ferdigstilling i løpet av 2019, og fylkeskommunen er i dialog med kommunen om eit spleiselag. Kommunen planlegg også sykkelparkering i området.

Vaksdal kommune:

Hordaland fylkeskommune har oppretta god dialog med BaneNOR som den største operatøren av jernbanestasjonar og pendlerparkeringar i kommunen. Alle BaneNOR sine parkeringsplasser i Vaksdal kommune er innlemma i Hordaland fylkeskommune sitt nettverk for innfartsparkeringar. Innfartsparkeringa ved Dale stasjon har fått nytt dekke. Forskriftsmessig oppmerking og skilting står att.

Voss kommune:

Vossevangen er regulert og drifta av det kommunaleigde Voss Parkering AS. Dei har ansvar for drifta på innfartsparkeringa ved Voss Stasjon. Det er oppretta dialog med Voss Parkering AS og Voss kommune med føremål om å syte for naudsynt innfartsparkering for kollektivreisande mot Bergen. BaneNOR har ansvar for drifta på dei øvrige innfartsparkeringane i Voss kommune i samband med operatøransvar for stasjonsområda. Voss stasjon har god kapasitet på sykkelparkering under tak.

Område Vest:

Område vest er prega av stor innfartstrafikk til Bergen både frå Sotra og Askøy. Behovet synast derfor å vere stort for at kollektivreisande skal kunne sette frå seg bilen ved kollektivknutepunkt.

Sund kommune:

Litt sør for Stranda skule har Sund kommune etablert 60 plassar for ein ny innfartsparkeringsplass. Plassen er etablert med overskotsmasser frå vegbygging og er ferdig asfaltert. Skilting manglar og vil bli følgd opp. Det går føre seg eit arbeid med ny reguleringsplan for Skogsskiftet som gjer at dei plassane for innfartsparkering som HFK leiger vil bli teke i bruk til anna føremål. Det er god dialog med kommunen og utbyggjar for å sikre kapasitet for innfartsparkering i eller tett på Skogsskiftet nye sentrum. Sykkelparkering er og med i planane. Prosjektet er ikkje endeleg landa.

Fjell kommune:

Det er etablert ei ny innfartsparkering på Fjell gamle barneskule med 44 parkeringsplassar for å avlaste innfartsparkeringsplassane ved Sartor senter og trafikkforholda mot Bergen. Fjell kommune har stått for anleggsarbeidet med finansiell stønad frå Hordaland fylkeskommune. Fjell kommune arbeider og med planar om utviding av innfartsparkeringa ved Ågotnes terminal. Hordaland fylkeskommune har kontakta Fjell kommune om moglegheit for regulering av eit areal i krysset Øygardsvegen / Kolltveitvegen til innfartsparkering, men dette har førebels ikkje ført til eit konkret prosjekt. Straume terminal har vidare fått nytt sykkelparkeringshus.

Øygarden kommune:

Innfartsparkeringane ved bussterminalane ved Tjeldstø og Blomvåg har blitt rusta opp etter Parkeringsforskrifta med rydding og ny merking. Mogleg areal i Rong skal undersøkast. Skilting på og inn til parkeringsområda skal etablerast.

Askøy kommune:

Strusshamnskiftet innfartsparkering i regi av Hordaland fylkeskommune er i prosjektet utvida med 17 parkeringsplassar gjennom ny-asfaltering og oppmerking. Mogleg utviding vurderast. Det har og vore arbeidd med eit område litt lenger nord på Ravnangervegen der ein privat utbyggjar vil etablere næring, men dette har ikkje ført fram.

Innfartsparkeringa ved Ravnanger terminal er rusta opp og ny merking utført. Ny bussterminal er under planlegging, der mest sannsynleg terminalen vil måtte nytte arealet til innfartsparkeringa. Det er dialog med Askøy kommune for å regulere inn ny innfartsparkering i dette området. Det har i tillegg vore undersøkt områder på austsida av Askøy utan at konkrete prosjekt er oppretta. I området rundt Kleppstø kai og bussterminal driftast innfartsparkeringane av Askøy kommune. Askøy kommune ynskjer å regulere kaiområdet, som i dag er kollektivterminal og innfartsparkering (flateparkering) for både buss og båt, om til bustad, næring og ny kollektivterminal. Det er eit ynskje frå kommunen si side med parkering i fjellhall nær kollektivterminalen. Hordaland fylkeskommune er med i samtalane der kostnadsaspektet er av vesentleg karakter. Parkeringsområda i Kleppstø som er drifta av Askøy kommune treng opprusting.

Kleppstø kai har fått nytt innelåst sykkelparkeringshus i den gamle passasjertunellen til ferja.

Bergen kommune Vest:

Innfartsparkeringa ved Storavatnet terminal / Godviksvingane hadde på lik linje med Birkelandskiftet terminal lågt belegg grunna oblatregulering for Periode-Skysskundar. Etter ynskje frå publikum blei det i prosjektet innført betalingsautomat for dagsparkering til NOK 30,- for andre kollektivreisande. Det er ei svak auke i betalande køyretøy, men ikkje som forventa i forhold til førespurnadane frå publikum.

Fyllingsdalen innfartsparkering ved Oasen forsvinn tidleg mai 2019 grunna utbygging av Bybanen. Hordaland fylkeskommune eig ikkje areal til erstatning for desse plassane. Bergen kommune har lova publikum at dei skal sjå på aktuelle areal.

Område Nord:

Store planlagte veg- og baneprosjekt både i Bergen nord og Nordhordland sør syner utfordringane for etablering av nye innfartsparkeringar i Område Nord.

Bergen kommune Nord:

Den mellombelse innfartsparkeringa ved Horisont vart avvikla når bygginga av nye Åsane vidaregåande skule starta opp . Det vart fjerna 190 innfartsplassar som blir vanskeleg å erstatte. Det vart lenge arbeid med C-tomta som erstatning utan resultat, grunna privatrettslege høve.

Innfartsparkeringa ved Åsane terminal fikk eit tilskot på 20 plassar i samband med ombygginga av Åsane bussterminal. Det arbeidast med mogleg utviding mot sør avhengig av behov hos næring.

Alternativ innfartsparkering både på Haukås, Eidsvåg og Vågsbotn har vore undersøkt. Det meste av førebels art inntil Bybanen og ringveg aust starter utbygging.

I Vågsbotn vil den gamle kontrollplassen til Statens Vegvesen bli teken i bruk som innfartsparkering i 3. kvartal 2019, etter ombygging. Dette vil gje ca. 50 nye parkeringsplassar. Vidare er Hordaland fylkeskommune kontakta av grunneigar av garden på nordsida av Arnavegen i Vågsbotn, med innkøyring frå Vikaleitet, som prøver å få regulert om eigedommen til næring med parkering. Det er etablert sykkelparkeringshus med 96 sykkelplasser ved Åsane terminal.

Lindås kommune:

Innfartsparkeringa i Knarvik ved Statens Vegvesen (72 plassar) vart fjerna som følge av utbygging av nytt helsehus. Hordaland fylkeskommune og Lindås kommune har arbeid aktivt med å finne og etablere erstatningsplasser. Det er nyleg inngått leigeavtale med Knarvik Bs 12 AS om leige av 102 plassar på nabotomta til bussterminalen. Plassen har vore i bruk ein stund etter nedlegginga av parkeringsområdet ved Statens Vegvesen, men er no formelt leigd av Hordaland fylkeskommune til bruk som innfartsparkering. Vidare er arbeid starta med å etablere eit parkeringsområde ved rundkøyringa i Isdalstø. Området er regulert til parkering.

Radøy kommune:

Parkeringsplassen ved Austmarka bussterminal har fått status som innfartsparkering. Det manglar noko opprusting og skilting for at plassen skal ha standard etter Parkeringsforskrifta.

Meland kommune:

Det prosjekterast ny bussterminal på Flatøy der dagens innfartsparkering ligg. I planane spesifiserast det at innfartsparkeringa skal flyttast litt lenger vest i terrenget. Det er planlagd utbygging av parkeringsområdet i 2 trinn, der trinn 1 erstattar eksisterande plassar. Trinn 2 vil doble talet på plassar i forhold til dagens situasjon. Prosjektet arbeidar for at trinn 1 og 2 byggast samstundes for å få ei auke av talet på innfartsparkeringsplassar i den nye Alvær kommune.

Frekhaug kai er blitt rydda med ny oppmerking av innfartsparkeringsplassar slik at buss kan snu på kaien. I tillegg har kai terminalen fått nytt sykkelstativ med halvtak. Vidare er det etablert ein ny parkeringsplass for pendlarar ca. 200 meter oppfor kaien, på Vardnappen, mellom anna med midlar frå Hordaland fylkeskommune. Innfartsparkeringa på Vardnappen har gjeve eit tilskott på 54 plassar.

Skilting:

Skilting internt på parkeringsområde:

Skilting etter Parkeringsforskrifta gir klare vilkår for bruken. Alle parkeringsområder skal ut frå forskrifta skiltast etter ei oppgitt skiltplan. Skiltplanen skal innrapporterast til Parkeringstilsynet. Det er ein del arbeid som står att for at alle parkeringsområder skal vere oppdatert. Skilting er i ferd med å bli etablert.

Skilting frå hovudveg:

Skilting frå hovudveg er underlagt Statens Vegvesen (SVV) sine reglar og praksis. SVV har førebels ikkje ønska å skilte til innfartsparkering frå hovudveg, då dei finn at areal regulert med oblat ikkje er allment tilgjengeleg. Hordaland fylkeskommune legg til grunn at alle brukarar kan skaffe seg eit Skysskort, og såleis

er plassen allment tilgjengeleg. Uregulerte parkeringsområde og parkeringsområde med betalingsregulering i tillegg til oblat kan skiltast inn frå hovudveg. Spørsmålet om skilting er førebels ikkje avklart.

Regulering og parkeringskontroll:

På Birkelandskiftet terminal og innfartsparkeringa ved Storavatnet/ Godviksvingane er det i tillegg til parkeringsoblat innført 20 timars parkering mot betaling for kollektivreisande. Betaling kan skje på automat eller på App. Somme kommunar har ikkje ynskje om regulering berre for periode-Skyss reisande.

Det er behov for å vidareutvikle dagens reguleringsløyising for innfartsparkeringsplassane. Det har vore arbeid med å finne elektroniske løysingar. Det finst ulike løysingar i marknaden. Utvikling av nye løysingar må skje i samarbeid med Skyss / nye elektroniske løysingar for Skyss-appen..

Oblatregulering er i dag ein reguleringsmetode med klåre avgrensingar. Det nyttast i dag meir og meir automatisk skiltgjenkjenning (ANPR). Dette er løysingar som ikkje krev oblat eller billett, der betaling kan knytast til bilnummer, mobiltelefon eller trekk rett frå konto. Det kan og betalast i etterkant av sjølve parkeringa. Dette vil kunne gjere innfartsparkering enklare og tilgjengeleg for fleire.

Det bør likevel presiserast at ei innføring av ANPR vil medføre nye investerings- og driftskostnader for innfartsparkering. Døme frå aktørar som nyttar denne teknologien viser investeringskostnader på NOK 3 – 400 000, - per innfartsparkeringsplass, og månadlege driftsutgifter på NOK 10 – 25 000, - per plass, avhengig av eigenskapar ved den einskilde innfartsparkeringsplassen.

Parkeringsforskrifta:

Det vart innført ny parkeringsforskrift frå 01.01.2017. Forskrifta har no vore oppe til evaluering med innspel frå parkeringsbransjen. Hordaland fylkeskommune er medlem av bransjeorganisasjonen Norpark. Medlemmene i Norpark har gitt innspel til endringar / justeringar til Parkeringsforskrifta gjennom Norpark for å gjere forskrifta meir føremålstenleg. Hordaland fylkeskommune har gitt sitt innspel gjennom Norpark. Revidert utgåve er no til evaluering i Samferdselsdepartementet.

Oppsummering

Det har vore ei god utvikling i talet på parkeringsområder og plassar.

I tillegg til at det blir arbeid vidare med utvikling av innfartsparkeringar i kommunane over, vil ein spesielt leggje vekt på dei 3 første prioriterte områda spesifisert Handlingsplanen pkt. 5:

- *Åsane:* Styrking av innfartsparkeringskapasiteten, og fleire mellombelse løysingar fram mot Bybanen.
- *Arna:* Arbeide med Bergen kommune og BaneNOR for å få innfartsparkering inn i områdeplanen, samt få finansiering på plass ved eit eventuelt parkeringshus.
- *Sikker sykkelparkering:* Finne riktig marknadsføringsmetodikk for å auke belegget i sykkelparkeringshusa.

Betalingsløyising for deler av innfartsparkeringane på Birkelandskiftet og Storavatnet / Godviksvingane er i drift. Hordaland fylkeskommune vil arbeide vidare med nye elektroniske løysingar innan parkeringsregulering.